



Norsk studentorganisasjon

## NASJONALT ANSVAR FOR STUDENTANE SITT LÆRINGSMILJØ

*Resolusjon vedtatt på NSOs landsstyremøte 3 – 2014/15 (14. februar 2015).*

Studentane sitt læringsmiljø er avgjerande for læringsprosessen og meistring av studiane. Eit godt læringsmiljø er viktig for å skape eit godt studiemiljø og kan bidra til å få ned fråfallet i høgare utdanning. Det er viktig å påpeike at det gjennom læringsmiljøutvala (LMU) lokalt skal gjerast eit solid arbeid for å betre studentane sitt læringsmiljø. Det er likevel ikkje sjølvstøtt at dette skjer ved alle institusjonar, og det er viktig at arbeidet vert følgd opp.

Likevel vil ein gjennom å ha meir nasjonalt fokus på dette kunne arbeide meir systematisk for å få på plass ny forskrift for studentane sitt læringsmiljø og sikra eit nasjonalt trykk for studentane sine rettar. Dette vil vera eit svært nyttig supplement til det gode arbeidet lokalt og ein slik nasjonal ressurs vil også kunne ha ei koordinerande rolle for arbeidet som vert gjort lokalt. Landsstyret ynskjer difor at Norsk studentorganisasjon (NSO) tek eit større nasjonalt ansvar for læringsmiljøet og i større grad set dette på dagsorden.

### **Landsstyret ber arbeidsutvalet i NSO om følgjande:**

- Utredda om NSO kan ta ei koordinerande rolle i arbeidet med studentane sitt læringsmiljø.
- Utredda om det er behov for eigen læringsmiljøansvarleg i NSO.
- Utredda om det er andre måtar ein kan sikre dette arbeidet på.

### **Om NSO:**

Norsk studentorganisasjon (NSO) er en interesseorganisasjon for studentdemokrati ved norske høgere utdanningsinstitusjoner. Omlag 220 000 studenter er tilsluttet studentorganisasjonen. NSO arbeider for studentenes faglige, sosiale og økonomiske rettigheter. Mer informasjon om organisasjonen finner du på [www.student.no](http://www.student.no)

